

Førde, 18.03.2016

NVE  
Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

## **Høyringsfråsegn: Moane Kraft AS – Søknad om bygging av Langedalselva kraftverk i Gloppen kommune, Sogn og Fjordane**

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev av 17.12.2015, til konsesjonssøknaden m/vedlegg, og til NVE sitt folkemøte om denne og 7 andre saker i Runnevang på Sørstranda 03.02.2016. Høyringsfråsegna vår er basert på søknaden med vedlegg, info henta via nettet, samtaler med lokalkjende og eigen kunnskap om området.

### **Om Sogn og Fjordane Turlag:**

Sogn og Fjordane Turlag (sjå [www.sftur.no/](http://www.sftur.no/)) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal v/siste årsskifte: 6.437. Langedalselva kraftverk ligg i Midtre Nordfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <https://mnt.dnt.no/>.

### **Om friluftsliv i det aktuelle området:**

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er eit regionalt og nasjonalt viktig friluftsområde som er mykje brukt. Inntaket er planlagt nord for, men kloss ved verneområdegrensa. (Mindre enn 100 m frå grensa.) Langedalen er ein viktig «inngangsport» til verneområdet. Grensa for verneområdet er her veldig lett tilgjengeleg for alle brukargrupper. Det er også enkelt for så å seie alle brukargrupper å ta seg inn i sjølve verneområdet, enten via båt over Langedalsvatnet, eller til fots langs stranda.

Området ved Langedalsvatnet er mellom anna kjent for å ha fleire flotte støylar som har stor kulturhistorisk og opplevingsverdi både for turfolk og andre. I samband med førearbeidet til etableringa av Naustdal-Gjengedal landskapsvernområdet, vart det av Fylkeskommunen/Fylkesmannen laga eit Stølsnotat som omhandla dei mange stølane inne i, og i inngangsportane til, verneområdet. Vedlagt følgjer dei 2 filene som omhandlar stølane ved Langedalsvatnet. Landskapet på/rundt vatnet har også stor opplevingsverdi, og kombinasjonen av kulturminne og landskap aukar begge verdiane.

Langedalen er veileigna til ei rekkje typar friluftsliv, både fotturar, bær- og sopplukking etc. Langedalsvatnet vert mykje/ganske mykje brukt til både roing, padling og bading, og er dessutan kjent som eit svært «familievenleg» fiskevatn. Sportsfiske er ein stor og viktig aktivitet i Gloppen.

Sjølv om det er den delen av Langedalen som ligg inne i verneområdet, som har størst verdi for friluftsliv, så har også utbyggingsområdet verdi, mellom anna som «inngangsport». Det vert nok mest brukt bil inn til Langedalsvatnet, men det er også ein del som går eller sykklar. Så vidt vi veit, vert det også plukka bær og sopp på strekninga, men vi kjenner ikkje omfanget av slik bruk.

### **Kommentarar til utbyggingsplanane:**

**2.1 Hovuddata Langedalselva kraftverk:** Ved bygging av minikraftverk i eit verna vassdrag bør ikkje slukevna overstige 25% av middelvassføringa. I dette tilfellet er slukevna 30,4%. Det er for mykje, særleg sett i samanheng med at det kan bli 3 kraftverk i det same verna vassdraget. (Eitt har

fått konsesjon og er under bygging med ganske store naturinngrep. Dette og Traudalselva kraftverk er no under konsesjonshandsaming.) **Vi ber NVE vurdere om ei slukevne på 30,4% er akseptabel**

**Om minstevassføringa:** 5-persentil sommar er 242 l/s, 5-persentil vinter er 103 l/s. Trass i dette er det søkt om å få sleppe ei minstevassføring på berre 50 l/s. Og dette er altså i eit verna vassdrag! Vi er forundra - for å seie det slik. I eit verna vassdrag er det sjølv sagt heilt uaktuelt å sleppe ei mindre minstevassføring enn 5-persentilane. Og det bør helst sleppast meir! Vårt framlegg er 400 l/s om sommaren og 150 l/s om vinteren, men dette vurderer NVE. «Produksjonstapet» ved slepp av ei minstevassføring på 5-persentilane eller meir, vil verte lite, fordi middelvassføringa er mykje større enn slukevna + minstevassføringa. Men miljøgevinsten vil verte stor, fordi ein vil unngå periodane med 50 l/s, som er ei «nesten-tørrlegging» av denne ganske store elva.

**NB! Også av omsyn til kvaliteten på vatnet frå Moane Vassverk er det viktig å unngå for låg restvassføring i elva.** Kanskje er faren for dårleg vasskvalitet aller størst i varme, tørre periodar på seinsommaren? Og då er kanskje også vassuttaket frå vassverket størst? Vi ber NVE om å innhente informasjon om kva som er maksimalt vassuttak frå vassverket.

**2.2.4 Inntak:** Vi har ingen store merknadar til det som står om utforminga av inntaket. Kanskje kan ein vurdere å delvis kamuflere det ved bruk av naturstein?

**2.2.5 Vassveg:** Etersom vi ikkje har synfare røyrgatetraseen, har vi ikkje grunnlag for å kome med merknadar til den. Det er i søknaden opplyst at «*Bearbeidd bredde på traseen vil bli begrenset til ca. 20m.*» Greier ein å halde deg innafor dette i samband med bygginga av Breidalselva kraftverk?

**2.2.6 Kraftstasjonen:** Vi har pr. i dag ikkje spesielle merknadar til plasseringa og utforminga av kraftstasjonen. Men **vi ber NVE om å gjere ei grundig vurdering av trongen for omløpsventil.** Både denne utbygginga og Traudalselva kraftverk må sjåast i samanheng i denne vurderinga. Våre synspunkt/vurderingar:

Særleg av omsyn til fisken på den anadrome strekninga som startar kloss nedanfor dei 3 planlagde kraftstasjonane i vassdraget, er det viktig å unngå brå og kraftige fall i vassføringa. Viss det blir stopp i alle dei 3 kraftstasjonane samstundes, og vassføringa er «den rette», kan det bli kritisk for fisken på den anadrome strekninga. «Den rette» vassføringa for at det skal bli størst problem, er ei vassføring ved inntaka som er lik maksimal slukevne i kraftstasjonane + minstevassføringa.

Ein av dei viktigaste grunnane til bråstopp i ein kraftstasjon er - etter det vi kjenner til - feil på linja som fører krafta ut. Krafta frå alle dei 3 kraftstasjonane i dette vassdraget skal matast ut på ei felles 22 kV-linje. Det betyr at viss det blir feil på denne linja, så vil alle dei 3 kraftstasjonane bråstoppe samstundes. Då kan det bli store problem for fisken nedstrøms i elva. Vår vurdering er då at viss NVE skulle gje konsesjon til bygging av både Langedalselva kraftverk og Traudalen kraftverk, så må det krevjast installering av omløpsventil i **begge** desse kraftverka for å sikre at fisken på den anadrome strekninga ikkje får problem. Viss det derimot skulle bli gitt konsesjon til berre eitt av dei to kraftverka, vil det truleg ikkje bli turvande med omløpsventil i det kraftverket, fordi vassføringa i den ikkje utbygde delen av elva då vil vere stor nok til å unngå for store problem for fisken.

**2.2.8 Vegbygging:** Vi har ikkje store merknadar til planane om vegbygging. Vegen til inntaket kan med fordel gjerast om til køyresterkt terreng etter utbygginga.

**2.2.9 Massetak og deponi:** Vi har ikkje spesielle merknadar.

**2.2.10 Nettilknytning:** Ingen merknadar. Nedgraven linje er bra!

**2.6.6 Forholdet til offentlege planar og nasjonale føringar – Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde:** I samband med arbeidet med Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, vart det også laga ein fylkesdelplan for stølsdalane i nærområdet til verneområdet. Denne fylkesdelplanen skulle sikre at det ikkje vart gjort for store inngrep i dei aktuelle stølsdalane, som alle er viktige «inngangsportar» til verneområdet. Eksistensen av denne fylkesdelplanen vart brukt som eit viktig argument for å redusere storleiken på verneområdet. Randsonene til verneområdet skulle i staden sikrast mot uheldige inngrep gjennom fylkesdelplanen. Både Langedalselva kraftverk, Breidalselva kraftverk og Traudalen kraftverk ligg inne i eitt av områda for fylkesdelplanen, sjå vedlagde kopi av kart, der grensene er markerte med raudt. (NB! I den endelege godkjenninga av planen i Fylkestinget, vart dei nøyaktige kartfesta grensene fjerna, og omgjort til noko meir «diffust». Men planen vart vedteken av Fylkestinget for alle dei kartfesta stølsdalane, men med meir «fleksible» grenser.)

Etter at Fylkesdelplanen for stølsdalane/randsonene vart vedteken, har den dessverre vorte «gløynd» av både Sogn og Fjordane fylkeskommune, Gloppen kommune og til dels også av Fylkesmannen. Vi håpar at ikkje også NVE «gløymer» eksistensen av denne vedtekte Fylkesdelplanen, men avgrensar ytterlegare inngrep i dei 7 dalane som planen omfattar, sjå kartet. Vi ber derfor NVE om å vere kritiske til å gje fleire konsesjonar inne i desse randsonene til landskapsvernområdet. I det av desse områda som Langedalselva kraftverk ligg i, er det etter vårt syn nok med et eine kraftverket som no er under bygging, og det bør i alle fall ikkje vere meir enn to. D.v.s. at enten Langedalselva kraftverk eller Traudalen kraftverk bør få avslag på konsesjonssøknaden.

### **Kommentarar til verknadane av utbygginga:**

Vi kommenterer her berre enkelte av punkta i konsesjonssøknaden.

**3.5 Raudlisteartar og 3.6 Terrestrisk miljø:** Vi konstaterer at det er ein del konflikter med raudlisteartar, og ber NVE vurdere dette. Feltbefaringa av vassdraget vart gjort den 12. september 2005. Det er lenge sidan, og det har mellom anna kome ei heilt ny raudliste sidan den gongen. Vi ber NVE vurdere om det er trong for ei ny feltbefaring.

I konsesjonssøknaden, mellom anna i Punkt 1.4 på side 7, er det opplyst at elva på ei lang strekning renn «relativt bratt i et trangt elvegjøl». Eit elvegjøl er ein type bekkekløft. I punkt 3.6.1 på side 20 i konsesjonssøknaden står det mellom anna: «- - fravær av lokaliteter med naturtypeverdi som bekkekløfter og fossesprøytoner, er medvirkende til at potensialet for funn av sjeldne mose- og lavararter er vurdert som begrenset.» Ettersom det ifølgje konsesjonssøknaden er ei lang strekning med bekkekløft i elva, er vi litt forundra over at **naturtypen** bekkekløft er ikkje-eksisterande. Det er vel kanskje mogeleg at det er slik, men vi ber NVE vurdere kor sannsynleg det er. Vi ber NVE enten om å be om ei tilleggsutgreiing for å vurdert spørsmålet, og/eller at NVE ser nærare på dette i samband med sluttsynfaringa.

**3.7 Akvatisk miljø:** Her er vi sterkt ueinige i mykje av det som står i punkt 3.7.2 om trongen for omløpsventil i kraftstasjonen. Vi viser til det vi har skrive om dette i omtalen av Punkt 2.2.6 Kraftstasjonen. Viss det blir gitt konsesjon både til Langedalselva kraftverk og Traudalen kraftverk, meiner vi det er trong for omløpsventil i begge kraftstasjonane. Viss derimot eitt av dei to nemnde kraftverka får avslag, vil det truleg vere tilfredsstillande å ikkje ha omløpsventil i den eine kraftstasjonen som vert bygd.

**3.9 Landskap og INON:** Om kva som vil representere landskapsmessige endringar: Røyrгатetra- seen kjem i tillegg til det som er nemnt. Røyrгатetra-sear som går i skogsterreng blir svært godt synlege i landskapet i mange, mange år. Det ser vi «i praksis» frå småkraftverk som vart bygde for 10 – 12 år sidan. Røyrгатetra-sear over innmark vert derimot lite/ikkje synlege etter nokså kort tid.

I denne saka vert ikkje landskapsinngrepa større enn det som «er vanleg» for småkraftverk, og reduksjonen av vassføringa i elva vert betydeleg mindre enn «vanleg». Vi vurderer derfor ikkje landskapsverkanden som eit avgjerande viktig argument mot utbygging.

**3.12 Jord- og skogressursar:** I konsesjonssøknaden står det mellom anna: «Grunneierne fremhever den positive betydningen en kraftutbygging i Langedalen vil kunne få, både for grunneierne selv og for allmennheten. Sammen med det finansielle grunnlaget som kraftverket vil kunne gi, vil tilrettelegging for allmennheten i utmarksområdene kunne skape kultur- og næringsaktivitet som kan bidra til å åpne et nytt aktivitets- og reiselivsrelatert næringsgrunnlag for det lokale landbruket i framtida.»

Vår kommentar: Vi ser og forstår at viss kraftverket går med overskott, så vil det vere positivt for grunneigarane. Men at utbygginga skal verte positiv «for allmennheten», det finn vi ingen haldepunkt for i denne konkrete saka. Det er meir eit spørsmål om i kor stor grad utbygginga vert negativ.

**3-13 Ferskvassressursar:** Vår vurdering er at utbyggaren har undervurdert den verknaden utbygginga vil kunne få for Moane vassverk. Viss ein skal redusere sjansane for ein negativ verknad, må minstevassføringa aukast. Sjå det vi har skrive om dette i kommentarane til punkt 2.1 på side 2 i fråsegna. Sjansane for negativ påverknad på drikkevandet vurderer vi som størst i varme, tørre periodar i august og september. Dette er normalt etter at all snøen i nedslagsfeltet har smelta.

**3.14 Brukarinteresser:** Vi viser til det vi har skrive om dette på side 1 i fråsegna. Vi er einige i at brukarinteressene i Langedalen er størst oppstrøms utbyggingsområdet. Det er likevel også brukarinteresser på utbyggingsstrekninga som vert negativt påverka, ettersom også denne strekninga vert nytta til friluftsliv. Vi vurderer likevel ikkje den negative verknaden for brukarinteressene som så stor at den aleine er grunn god nok til å gå mot utbygginga.

**3.20 Samla belastning:** Samla belastning for denne utbygginga kan vurderast på fleire nivå:

1. Samla belastning i Gloppen kommune: Det er alt bygd og gitt konsesjon til eit stort tal utbyggingar i Gloppen kommune. (NVE har oversikten, så vi spesifiserer ikkje det.) Vidare er det no under konsesjonshandsaming i NVE 12 nye småkraftverk, fleire av dei konfliktfylte, og 2 store og svært konfliktfylte kraftverk: Breim kraftverk og Gjengedal kraftverk. For å redusere den samla negative belastninga av alle utbyggingane, bør begge dei store (for Breim gjeld det spesielt det primært omsøkte utbyggingsalternativet) og nokre av dei små utbyggingane få avslag.
2. Samla belastning på «inngangsportane» til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde: Det er alt bygd og gitt konsesjon til ei rekkje kraftverk i «inngangsportane» til verneområdet, og det er under konsesjonshandsaming fleire småkraftverk og eitt stort (Gjengedal kraftverk) i desse «inngangsportane». Det er klårt av den samla belastninga er i ferd med å bli for stor, og at dette er med på å redusere verdien av verneområdet. Både det store Gjengedal kraftverk og nokre av dei små, bør få avslag.
3. Samla belastning på Sørstrandaområdet ved Gløppefjorden: I eit avgrensa område er det no i drift eitt kraftverk, eitt er under bygging, og 5 nye (inkl. dette) er under konsesjonshandsaming. Dette er for mykje, og 2 – 3 av dei mest konfliktfylte kraftverka bør få avslag.
4. Samla belastning på den verna Ryggelva. Utbygging av alle dei 3 hovuddelane av Ryggelva er for mykje. Minst eitt av dei to utbyggingane som no er under konsesjonshandsaming, bør få avslag. Viss ikkje, vil elva langt på veg misse sin verdi som type- og referansevasdrag.

#### Kommentarar til 4 Avbøtande tiltak:

Det som står av tal for 5-persentilar og lågvassføring i dette punktet, har til dels svært store avvik samanlikna med dei tala som står i Punkt 2.1 Hovuddata, på side 11 i konsesjonssøknaden. Vi er

forundra over at konsesjonssøknaden er så dårleg kvalitetssikra at det blir så store avvik. Dette svekker tilliten til det som står i søknaden. Vi går ut frå at det er tala i Punkt 2.1 som er dei mest korrekte. Når det gjeld storleiken på minstevassføringa, viser vi til kommentarane våre (til punkt 2.1) høgt oppe på side 2 i denne fråsegna.

### **Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:**

Sogn og Fjordane Turlag er kritiske til at det blir gitt løyve til bygging av Langedalselva kraftverk. Grunnen til dette er først og fremst ulike sider av samla utbyggingsbelastning i området. (Konflikten med friluftinteressene er ikkje – isolert sett – stor nok til at vi vil seie nei.) Den verna Ryggelva bør helst ikkje få meir enn eitt kraftverk, og i alle fall ikkje meir enn to, viss ikkje verneverdiane skal bli skadelidande. Det betyr at enten Langedalselva kraftverk eller Traudalen kraftverk (eller begge) bør få avslag. Slik vi akkurat no vurderer det, er konflikten med verneverdiane størst for Langedalselva kraftverk fordi det prosentvise vassuttaket der er størst. Men vi er usikre på denne vurderinga, og vil sjå nærare på den i samband med/like etter NVE si sluttsynfaring.

Frå nord er Ryggelva samla sett den klårt viktigaste «inngangsporten» til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Både Langedalen, Breidalen og Traudalen er viktige «del-inngangsportar» langs Ryggelva. Alle er viktige, men kanskje er Traudalen den aller viktigaste av dei tre. Vi meiner at minst ein av dei tre «del-inngangsportane» langs Ryggelva bør vere kraftutbyggingsfri. Dette vil også vere med på å redusere den samla kraftutbyggingsbelastninga på alle «inngangsportane» til verneområdet, både i Gloppen kommune og totalt sett for alle dei 4 kommunane i verneområdet.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05/ 918 22 864, E-post: [alvar-m@online.no](mailto:alvar-m@online.no).

Venleg helsing  
for SOGN OG FJORDANE TURLAG  
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)